

TYSVÆR KONTROLLUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: tysdag 6. november 2018
Tid: kl. 18.00
Sted: Tysvær rådhus, kantinen

Forfall meldes til: Haugaland Kontrollutvalgsssekretariat IKS tlf 52 75 73 50 eller
tlf. 95 98 69 79 /sms/ e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gje melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vil bli innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg - jf. off.l.*, blir berre sendt internt. Sakskart vil bli lagt ut på kommunen si nettside www.tysver.kommune.no og på www.kontrollutvalgene.no

Rådmannen er invitert/innkalla i sak 28/18 . Rådmannen vil orientere om framlegg til budsjett/økonomiplan 2019-2022 i kommunestyresalen 30.10.18 kl. 18.30. Presentasjonen vil også bli lagt på nett.


Saksliste:

- 24/18 Godkjenning av protokoll frå møtet 04.09.18**
- 25/18 Prosjektplan – «Kvalitet og ressurseffektivitet innanfor pleie- og omsorgstenestene»**
- 26/18 Orientering frå revisor om revisjon av rekneskapen 2018 – revisjonsplan**
- 27/18 Møteplan for 2019**
- 28/18 Referat- og orienteringssaker 06.11.18**

Eventuelt

Aksdal, 30.10.18

Arne Gjerde (sign.)
utvalsleiar


Toril Hallsjø (sign.)
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar	(møte- og talerett)
Revisor	(møte- og talerett)
Rådmann	(invitert/innkalla)
Varamedlemmer	(til orientering)
Presse/publikum	

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	06.11.18	24/18

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 04.09.18

Vedlegg: Protokoll fra møtet 04.09.18

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 04.09.18 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen, slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval 04.09.18 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 30.10.18

Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær

TYSVÆR KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag 4. september 2018 blei det halde møte i Tysvær kontrollutval under leiing av utvalsleiar Arne Gjerde.

MØTESTAD:	Kantinen, Tysvær rådhus
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 17.00 – kl. 19.40
MØTANDE MEDLEMMER:	Arne Gjerde (H), Øyvind Hellerslien (FrP) Åse Paulsen (A), Linda Ånderå Bokn (V) og Karsten A. Larsen (FrP)
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor/partner Roald Stakland, KPMG AS Forvaltningsrevisor Ole Willy Fundingsrud, KPMG AS Forvaltn.revisor Magnus Heggen, KPMG AS
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Rådmann Sigurd Eikje Teknisk sjef Bjørn Bruaset i sak 19/18
MERKNADER TIL INNKALLING	Ingen
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Ingen

Utvalsleiar ønskte rådmannen velkommen til hans fyrste møte i kontrollutvalet.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 16/18 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 28.05.18

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval 28.05.18 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 04.09.18:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.09.18:

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval 28.05.18 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 17/18 NY PERSONVERNLOV – STATUS FOR ARBEIDET

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tar rådmannen si tilbakemelding og utgreiing om kommunen sitt arbeid med personvernlova til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 04.09.18:

Utvalet var nøgd med rådmannen si tilbakemelding. Rådmannen peika på at dette hadde kravd mykje kartleggingsarbeid for kommunane, og i Tysvær var ein kome godt i gang.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.09.18:

Tysvær kontrollutval tar rådmannen si tilbakemelding og utgreiing om kommunen sitt arbeid med personvernlova til orientering.

SAK 18/18 ORIENTERING FRÅ ADMINISRASJONEN – BRUK AV KOMMUNALT UTSTYR OG MASKINAR

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tar rådmannen si tilbakemelding og orientering om praktisering og handheving av regelen om forbod mot lån av kommunalt utstyr og maskinar til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 04.09.18:

Rådmannen utdjupa si tilbakemelding. Leiargruppa hadde vurdert godane for dei tilsette opp mot mogelege ulemper for kommunen, og felle ned på likskap som det mest viktige. Utvalet gav uttrykk at dei forventa at regelverk blei følgt opp og etterlevd.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.09.18:

Tysvær kontrollutval tar rådmannen si tilbakemelding og orientering om praktisering og handheving av regelen om forbod mot lån av kommunalt utstyr og maskinar til orientering.

SAK 19/18 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORTEN «INVESTERINGAR – AVGJERDSGRUNNLAG OG STYRING»

Sekretariatet si innstilling:

1. Tysvær kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «Investeringar – avgjersgrunnlag og styring» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Handsaming i kontrollutvalet 04.09.18:

Utvalsleiar innleia med at han hadde funne rapporten interessant, men mykje å sette seg inn i. Forvaltningsrevisor Ole Willy Fundingsrud frå KPMG gjekk igjennom rapporten med sine problemstillingar, status for kommunen og deira tilrådingar. Han framheva at mykje er bra innan prosjektleiing, men at det er trong for fleire detaljer og utbygging av rutinar. Eit viktig reiskap var innføringa av ny prosjektportal.

Utvalsleiar meinte at ordbruken i innleiinga av rapporten gav eit negativt inntrykk. Revisor framheva at det var ei utfordring å få fram det som var bra og det som ikkje var så bra. Nestleiar likte godt rapporten si oppstilling av dei store investeringane dei siste fem åra.

Utvalsleiar gjorde framlegg om å redusere fristen til 6 månader. Grunnen var at neste år er utvalet sitt siste år i valperioden. Vidare gjorde han framlegg om at utvalet skulle engasjere revisor til også å presentere rapporten i kommande kommunestyremøte. Utvalet støtta framlegga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.09.18:

Tysvær kontrollutval vil be KPMG AS presentere rapporten for kommunestyret i møtet 25.09.18. Utgiftene vert dekt over utvalet sitt budsjett.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.09.18 og innstilling til kommunestyret:

1. *Tysvær kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «Investeringar – avgjersgrunnlag og styring» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.*
3. *Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

SAK 20/18 VAL AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT FOR 2019

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval ber KPMG AS om å leggje fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt om til neste møtet i november 2018.

Handsaming i kontrollutvalet 04.09.18:

Utvalsleiar viste til at prosjekt med prioritet nr 3 i følge vedtatt plan hadde utvalet hoppa over ved sist val av prosjekt, men at temaet «Kvalitet/ressurseeffektivitet innafor pleie- og omsorgstenestene» var så viktig at han meinte det burde vere neste prosjekt. Han gjorde også framlegg om å få med i prosjektet korleis kommunen ivaretar oppgåver ifølge Samhandlingsreforma, og noko om velferdsteknologi.

Hans framlegg med ulike innspel blei delt ut i møtet og overlevert revisor. Utvalet støtta framlegget.

Om velferdsteknologi meinte revisor at dei berre kunne gje en utgreiing, ikkje revidere. Rådmannen orienterte om at det innan dette feltet var i gong eit interkommunalt prosjekt gjennom Haugalandrådet.

Det blei også nemnd innspel rundt samarbeidsavtalene med helseføretak og fastlegene, organisering og sjukefråver.

Ved bruk av intervju var det ønskje om at desse ikkje berre blei gjort blant leiinga, men blant alle type tilsette. Revisor noterte seg innspela.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.04.18:

Tysvær kontrollutval ber KPMG AS om å leggje fram utkast til prosjektmandat på eit forvaltningsrevisjonsprosjekt om «Kvalitet og ressurseffektivitet innafor pleie- og omsorgstenestene, herunder ivaretaking av oppgåver som følgje av Samhandlingsreforma» med dei innspel som kom fram i møtet til neste møtet i november 2018.

SAK 21/18 BUDSJETT 2019 – KONTROLL OG TILSYN - KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG

Sekretariatet si innstilling:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Tysvær kommune for 2019 vert på i alt **kr 802.000,- eks mva** fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)	kr	84.000
Kjøp av sekretærtenester (teneste 1100 art 13750)	kr	198.000
Kjøp av revisjonstenester (teneste 1100 art 13700)	kr	520.000

Handsaming i kontrollutvalet 04.09.18:

Utvalsleiar gjorde greie for framlegget. Utvalet støtta framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.09.18 og innstilling til kommunestyret:

*Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Tysvær kommune for 2019 vert på i alt **kr 802.000,- eks mva** fordelt på følgjande:*

<i>Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)</i>	<i>kr</i>	<i>84.000</i>
<i>Kjøp av sekretærtenester (teneste 1100 art 13750)</i>	<i>kr</i>	<i>198.000</i>
<i>Kjøp av revisjonstenester (teneste 1100 art 13700)</i>	<i>kr</i>	<i>520.000</i>

SAK 22/18 REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2018

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tar den framlagde eigenerklæring for 2018 frå oppdragsansvarleg revisor Roald Stakland, KPMG AS til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 04.09.18:

Utvalet hadde ingen merknader

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.09.18:

Tysvær kontrollutval tar den framlagde egenerklæring for 2018 frå oppdragsansvarleg revisor Roald Stakland, KPMG AS til orientering.

SAK 23/18 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 04.09.18

- 29. Statusrapport pr. august 2018
- 30. Generalforsamlingsprotokoll 11.06.18 – Haugaland Kraft AS
- 31. Kommunestyrevedtak 12.06.18, sak 36/18 – Karmsund Havn IKS – selskapskontroll
- 32. Orienteringssak til FSK 21.08.18 – Månadsrapport pr. juli/august 2018
- 33. Kommunal Rapport 12.08.18 – Debattinnlegg av NKRF- leder – «Tillit og kontroll»

Handsaming i kontrollutvalet 04.09.18:

Sekretær gjorde greie for sakene. Utvalet hadde ingen spesielle merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.09.18:

Kontrollutvalet tar referatsakene 29 - 33 til orientering.

EVENTUELT

Bruk av sosiale medier

Øyvind Hellerslien lurte på om utvalet skulle be om ei tilbakemelding om korleis rådmannen handterer dei tilsette sin aktivitet på sosiale medier. Framlegget fell då rådmannen viste til kommande sak til administrasjonsutvalet i haust. Tilsette har ytringsfridom og «mykje er lov, men treng ikkje vere så smart». Han sette større krav til lojalitet, jo høgare opp den tilsette var i organisasjonen.

Han oppmoda medlemmene også til å tenkje på at dette gjeld også for dei folkevalde.

Rådmannen si deltaking

Rådmannen ønskte utvalet sitt syn. Utvalet var positiv til at rådmannen stilte så langt det passa inn for ham. I aktuelle saker vil han bli kalla inn.

Fråtrer kontrollutvalet – Linda Å. Bokn

Linda Ånderå Bokn har varsla at ho må fråtre pga. at ho skal flytte ut av kommunen. Sak om fritak og nyval av utvalet kjem til kommunestyret i haust, og hennar siste møte vil bli neste gong.

Neste møte: tysdag 6. november 2018, kl. 18.00

Aksdal, 4. september 2018

Arne Gjerde (sign.)
kontrollutvalsleiar


Toril Hallsjø (sign.)
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	06.11.18	25/18
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

PROSJEKTPLAN - FORVALTNINGSREVISJON – «KVALITET OG RESSURSEFFEKTIVITET INNANFOR PLEIE- OG OMSORGS- TENESTENE»

Vedlegg: **KPMG:** Prosjektplan- «Kvalitet og ressurseffektivitet innanfor pleie- og omsorgstenestene»
(fordeling av timane er ikkje off., Offl § 13/Forv. § 13)

Saksorientering:

I møtet 04.09.18, sak 20/18 bad kontrollutvalet revisjonen om å legge fram utkast til prosjektmandat på eit forvaltningsprosjekt til neste møtet. Utkast til plan blei oversendt sekretariatet 29.10.18.

Bakgrunn

Valt tema er tatt inn i Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020 som prosjekt nr 3. Planen blei vedteken av kommunestyret i møtet 1.06.16, sak 40/16. Utvalet ønsket også at det blei tatt inn noko om ivaretaking av oppgåver som følgje av Samhandlingsreforma og med innspel som kom fram i møtet.

Føremål og problemstillingar

Formålet med forvaltningsrevisjonen er å kartlegge og vurdere kvaliteten og ressurseffektiviteten innanfor pleie- og omsorgstenestene. Forvaltningsrevisjonen vil vere avgrensa til å omfatte tenestene som ystast i eldreomsorga.

Revisjonen vil sjå nærmare på velferdsteknologi, tildeling av tenester samt kommunen sitt mottak av utskrivingsklare pasientar frå spesialisthelsetestestena og det kommunale øyeblikkeleg hjelp døgntilbud (KØHD). Forvaltningsrevisjonen vil dermed rette seg mot aktivitetssområdet *aktivitet og omsorg*, der pleie- og omsorgstenestene er organisert.

Forvaltningsrevisjonen vil vere forbettringsorientert, og vil ha som føremål å gje tilrådingar om tiltak dersom forvaltningsrevisjonen avdekkar avvik eller mogelege forbettringsområde.

På bakgrunn av føremålet er følgjande problemstillingar foreslått:

1) Område 1: Velferdsteknologi

a. *Korleis nyttar Tysvær kommune velferdsteknologi som eit hjelpemiddel i pleie- og omsorgstenestene?*

- i. Kva legger kommunen i omgrepet velferdsteknologi?*
- ii. Kva utgreiingar/planar har kommunen knytt til velferdsteknologi?*
- iii. Korleis brukar kommunen velferdsteknologi i pleie og omsorgstenestene?*
- iv. Kva erfaringar har kommunen med bruk av velferdsteknologi?*

2) Område 2: Ressurseffektivitet og kvalitet. I kva grad er kommunen si tildeling av tenester i samsvar med kommunen sine egne rutinar og BEON-prinsippet?

- a.** *Kven er involvert i å tildele tenester og kva prosedyrar er etablert kring tildeling av sjukeheimsplasser?*
- b.** *Korleis skal prosedyrar for tildeling av tenester sikre både ressurseffektivitet og kvalitet ?*
- c.** *I kva grad blir vedtak om tildeling av sjukeheimsplasser fatta i samsvar med gjeldande prosedyrer?*
- d.** *Korleis sikrar kommunen at tildeling av tenester er basert på og tilpassa brukarane sine egne behov og ressursar, samstundes som at tenestetildelingar understøtter BEON-prinsippet?*
- e.** *Korleis sikrar kommunen at brukarar får det tenestetilbudet dei har krav på?*
 - i. Korleis vert brukarane følgt opp?*
 - ii. I kva grad er det fokus på samhandling og koordinerte tenester i kommunen?*
 - iii. Har kommunen system for brukar og pårørande involvering?*
 - iv. Korleis handterer kommunen klagar frå brukarane?*

3) Område 3: Kordan fungerer kommunen sitt system for mottak av utskrivningsklare pasientar frå sjukehus?

- a.** *I kva grad er det klarheit i roller og ansvar knytt til å ivareta samarbeidsavtaler med Helse Vest om utskrivningsklare pasientar?*
- b.** *I kva grad er det klarheit i roller og ansvar knytta til at dokumentasjon/epikrise vert formidla til rett instans i kommunen?*
- c.** *Ved pasientmottak til kommunen, frå spesialisthelsetjenesta, I kva grad vert krava til dokumentasjon tatt i vare?*
- d.** *I kva grad registrerast avvik ved pasientmottak til kommunen, frå spesialisthelsetenesta?*
 - i. Har kommunen eit avvikssystem?*

- ii. Kven skal registrere avvik?*
- iii. Korleis skal avvik følgjast opp?*
- iv. Blir rutinene for avvikshandtering etterlevd?*
- e. I kva grad vert det kommunale øyeblikkeleg hjelp døgntilbud (KØHD) nytta?*
- i. Kva beleggsprosent er det ved KØHD?*
- ii. Kva erfaringar har kommunen med bruk av KHØD?*

Eventuelle forbetningsområde vil bli identifisert og det vil bli utarbeida forslag til forbetringstiltak.

Revisjonen vil i hovudsak kartlegge prosedyrer og rutiner, og teste etterlevelse i ei avgrensa utval enkeltsaker (3-4 stykker). Dei generelle svara til problemstillingane vil bygge på rutineverket, og det vil ikkje bli gått inn i et breidt utval enkeltsaker for å svare ut problemstillingane generelt kva gjelder etterlevelse

Ressursbruk

Slik prosjektet nå ligg føre er det estimert ein ressursbruk på **250 timar**. Timane er innanfor det som kommunestyret har bevilga tidlegare år og det som er føreslått som ramme i 2019.

Av metode som vil benytta er nemnt dokumentinnsamling og bruk av intervju.

Når det gjeld aktivitets- og framdriftsplan har KPMG tidlegare bede om at det ikkje vert gjort offentleg, då den syner selskapet si disponering av ressurar. Sekretariatet har teke dette ut på side 5 med heimel i Off.love § 13/Forv. Lov § 13 og legg den berre fram i møtet.

KPMG skriv at oppstart vil vere i i november. I desember og på nyåret vil de samle inn og analysere data. Rapportsskriving vil skje i i februar/mars og høyring vil skje i mars. Levering av endeleg rapport vil skje i slutten av mars / starte på april og vil då bli lagt fram for kontrollutvalet sitt møte i mai. Kommunestyret vil då få rapporten til sitt møte i juni.


Kontrollvalet må før endelig bestilling ta stilling til om dei framlagde problemstillingane dekkjer det kontrollutvalet ønskjer å oppnå med prosjektet.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet "Kvalitet og ressurseffektivitet innanfor pleie- og omsorgstenestene» i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre/ evt. med desse endringane:

Ramma vert sett til 250 timar.

Aksdal, 30.10.18



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær



Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 29.10/18
Journalført: 18/333/184
Arkivkode: 216

Kvalitet og ressurseeffektivitet innanfor pleie og omsorgstenestene

Prosjektplan
Forvaltningsrevisjon

Tysvær kommune

Oktober 2018

www.kpmg.no

Innhold

1. Innleiing	3
1.1 Bakgrunn	3
1.2 Førebuing	3
2. Formål og problemstillingar	5
2.1 Formål	5
2.2 Problemstillingar	5
2.3 Revisjonskriterium	6
3. Tilnærming	7
3.1 Metode	7
3.2 Aktivitets- og framdriftsplan	7
4. Utførande revisorar	9
4.1 Prosjektteam	9
5. Honorar	10

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

Kontrollutvalet i Tysvær kommune vedtok i møtet 04.09.18 sak 20/18 å bestille ein prosjektplan for eit forvaltningsrevisjonsprosjekt om "Kvalitet og ressurseffektivitet innanfor pleie- og omsorgstenestene" frå KPMG AS.

Forvaltningsrevisjonen "Kvalitet og ressurseffektivitet innanfor pleie- og omsorgstenestene" er eit prioritert område i plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020. Her blir risikoen knytt til temaet omtalt slik:

"Mangelfull kvalitet/effektivitet innan pleie og omsorgstenestene er identifisert å vere eit risikoområde. Konsekvensar dersom dette er tilfelle kan vere at alle brukarar som har behov ikkje får nødvendige helse- og omsorgstenester, til dømes ikkje nok bustadar eller andre tenester som inneber risiko for liv og helse".

Kontrollutvalet er opptatt av korleis kommunen ivaretar oppgåvene som følgjer med samhandlingsreformen. Kontrollutvalet trakk blant anna fram praktiseringa av forskrift om tildeling av langtidsopphold i sjukeheim, erfaringar med tildelingskontoret, kommunalt augeblikkelig døgnhjelpstilbud (KØHD) og velferdsteknologi som interessante vinklingar for rapporten. Rådmannen var til stades i møtet og gav innspel på kva kommunen såg på som ei fruktbar tilnærming til ein forvaltningsrevisjon.

1.2 Førebuing

Det er eit mål å etablere ein god prosjektplan som stiller opp relevante og vesentlege problemstillingar for forvaltningsrevisjonen. KPMG har gjennomført ein prosess for å konkretisera formål og problemstillingar i forvaltningsrevisjonen. I prosessen har vi gjennomgått:

- ✓ Tysvær kommune budsjett 2017 økonomiplan 2017-2020
- ✓ Tysvær kommune budsjett 2018 økonomiplan 2019-2021
- ✓ Kommunal planstrategi 2016-2019
- ✓ Forvaltningsrevisjonar på tema pleie og omsorg utført i andre kommunar

I den følgjande delen presenterer vi kort resultatet av den førebuande analysen, vår tolking av informasjonen og anbefaling til fokus i revisjonen.

1.2.1 Kommuneøkonomien i Tysvær

I budsjettet for 2017 og økonomiplan 2018-2020 kjem det fram at Tysvær kommune har vektlagt omstilling og kostnadseffektivisering sidan 2008/2009. Omstillinga er retta mot heile kommuneorganisasjonen. Målet var å skape ein meir berekraftig økonomi med styrka investeringsevne. Fram til 2012 var hovudfokuset å utvikle ein meir bevisst pengebruk og forbetre økonomistyringa. I 2012 vart det gjennomført ei ressursbruksanalyse som anbefalte tyngre sparegrep. Etter denne analysen vedtok kommunestyret å spare 57,7 mill. kroner i perioden 2013-2020. For perioden 2011-2015 er 18,9 mill. kroner spart. I budsjett for 2018 og økonomiplan 2019-2021 er målet å spare 19,6 mill. kroner.

Det kjem fram av budsjettet for 2018 og økonomiplan 2019-2021 at Tysvær kommune har over tid hatt eit inntekts og kostnadsnivå over landsgjennomsnittet. I 2012 hadde Tysvær kommune eit forbruk på omlag 20% over landsgjennomsnittet. I 2016 var forbruket redusert til 12% over landsgjennomsnittet.

Budsjettet for 2017 og økonomiplan 2018-2020 framhevar at omstillinga har gitt kommunen eit økonomisk handlingsrom gjennom driftsoverskot. Samstundes er det utfordringar knytt til eigendomsskatten på verk og bruk. Dei to største skatteytarane Gassco og Equinor har ført eigendomsskatten for retten. Formålet er å fjerne skatten. Samstundes vil olje og gass bli mindre viktig i åra framover. Kommunen reknar på bakgrunn

av dette med at det vil komme store negative endringar i kommunens inntektsgrunnlag. I budsjettet for 2018 og økonomiplan 2019-2021 erkjenner kommunen at Tysvær over tid vil bli ei normalinntektskommune. Det er i denne samanheng viktig for kommunen å halde fram ved omstillinga og kostnadseffektiviseringa for å skape ei framtidsretta drift.

1.2.2 Pleie og omsorgstenestene i Tysvær kommune

Ifølgje den kommunale planstrategien 2016-2019 har omsorgstenestene dei største økonomiske utfordringane. Det vil bli fleire eldre og omsorgstrengande. Samanlikna med landet forøvrig har Tysvær større del av unge og lågare del av eldre. Prognosar ventar at antal eldre vil auke. I aldersgruppa 67-79 år blir det predikert ein auke på 20% fram til 2030. Samstundes er prognosen for auken i antal eldre over 80 år 91,2%, det vil seie nesten ei dobling. Dette er ifølgje "morgondagens omsorg i Tysvær kommune 2020-2040" ei stor utfordring for kommunen. I tillegg har samhandlingsreforma og nytt lovverk gitt kommunane nye oppgåver. Det vil ta tid og ressursar å implementere desse oppgåvene dette i omsorgstenestene. Samhandlingsreforma har også som mål å redusere den offentlege kostnadsveksten ved å ansvarleggjere kommunane i større grad.

Dette har skapt eit behov for omstilling og kostnadseffektivisering i pleie og omsorgstenestene. Som det framgår av økonomiplanen 2017-2020 godkjente kommunestyret i 2013 ein rammeplan for omsorgstenestene med forslag til innsparingar på 27 mill. kroner for perioden 2013-2018. Denne planen har vorte forlenga til 2020. Spareplanen er ikkje absolutt. I jamlege tenestegjennomgangar og budsjettprosessen kvart år skal det realistiske sparenivået for kvart resultatområde vurderast. Sparenivået for resultatområda kan også justerast.

Pleie- og omsorgstenestene i Tysvær kommune er delt i to resultatområde: *Aktivitet og omsorg* og *helse og førebygging*. Resultatområdet aktivitet og omsorg yt tenester til personar som treng nødvendig helsehjelp etter Helse- og omsorgstenestelova. Tenestene omfattar blant anna institusjonsplassar, heimesjukepleie og aktivitets- og dagstilbod. Resultatområdet helse og førebygging har ansvar for blant anna butiltak, kommunelege, legevakta, fysio- og ergoterapiavdelinga.

Innanfor *aktivitet og omsorg* ynskjer kommunen å vri ressursane frå ein institusjonsbasert til ein heimebasert omsorg. Målet er at brukarane skal kunne ta ansvar for eige liv. Denne ressursvrien blir oppfatta som nødvendig for å møte auken i antal eldre i framtida og for å møte utfordringane i samhandlingsreforma, blant anna raskare utskriving frå sjukehusa. I takt med denne vendinga er antal institusjonsplassar i kommunen redusert med 15%, frå 77 til 65 plassar. Likevel er det inga venteliste eller auka press på institusjonsplassane. Samstundes mangler kommunen ifølgje "morgondagens omsorg" gode og fleksible mellomløysingar mellom tilbod i eigen heim og sjukeheim.

Aktivitet og omsorg blei reorganisert i oktober 2015. Heimetenesta si base, korttidsavdelinga med kommunal øyeblikkeleg hjelp døgntilbod (KØHD) og tildelingskontoret har vorte samla på Tysværtunet. Det blei også innført ein ny leiarstruktur med færre tilsette per leiar. Økonomiplanen vektlegg gevinstrealisering gjennom sparte kostnader, spart tid og auka kvalitet i det vidare omstillingsarbeidet i sektoren. Viktige stikkord i denne samanheng er førebygging, velferdsteknologi og betre pasientforløp. God samhandling blir vektlagt som viktig for å skape gode og effektive tenester.

Innanfor resultatområdet *helse og førebygging* pågår det store endringar i butiltaka for funksjonshemma. Kommunen satser på å utvide eksisterande butiltak og bygge eit nytt stort butiltak. Samstundes blir mindre butiltak lagt ned. Bygningsmassene blir også tilpassa for å redusere bemanningsbehovet. Dette kan oppnå stordriftsfordelar og redusere kostnadane.

Sektorane har vanskar med å gjennomføre spareplanen. Ved inngangen til 2017 hadde *aktivitet og omsorg* eit udekket sparekrav på 7,6 mill. kroner medan *helse og førebygging* hadde eit udekket sparekrav på 7 mill. kroner. Økonomiplanen vektlegg god samhandling og ressursutnytting på tvers av dei to resultatområda i det vidare omstillingsarbeidet.

2. Formål og problemstillingar

2.1 Formål

Formålet med forvaltningsrevisjonen er å kartlegge og vurdere kvaliteten og resurseffektiviteten innfor pleie- og omsorgstenestene. Forvaltningsrevisjonen vil vere avgrensa til å omfatte tenestene som ystast i eldreomsorga. Vi vil sjå nærmare på velferdsteknologi, tildeling av tenester samt kommunen sitt mottak av utskrivingssklare pasientar frå spesialisthelsetestestena og det kommunale øyeblikkeleg hjelp døgntilbud (KØHD). Forvaltningsrevisjonen vil dermed rette seg mot aktivitetssområdet *aktivitet og omsorg* der pleie- og omsorgstenestene er organisert.

Forvaltningsrevisjonen vil vere forbettringsorientert, og vil ha som formål å gje tilrådingar om tiltak dersom det avdekkast avvik eller moglege forbettringsområder.

2.2 Problemstillingar

På bakgrunn av formålet blir følgjande problemstillingar foreslått:

1) Område 1: Velferdsteknologi

- a. Korleis nyttar Tysvær kommune velferdsteknologi som eit hjelpemiddel i pleie- og omsorgstenestene?
 - i. Kva legger kommunen i omgrepet velferdsteknologi?
 - ii. Kva utgreiingar/planar har kommunen knytt til velferdsteknologi?
 - iii. Korleis brukar kommunen velferdsteknologi i pleie og omsorgstenestene?
 - iv. Kva erfaringar har kommunen med bruk av velferdsteknologi?

2) Område 2: Ressurseffektivitet og kvalitet. I kva grad er kommunen si tildeling av tenester i samsvar med kommunen sine egne rutinar og BEON-prinsippet?

- a. Kven er involvert i å tildele tenester og kva prosedyrar er etablert kring tildeling av sjukeheims plasser?
- b. Korleis skal prosedyrar for tildeling av tenester sikre både resurseffektivitet og kvalitet?
- c. I kva grad blir vedtak om tildeling av sjukeheims plasser fatta i samsvar med gjeldande prosedyrer?
- d. Korleis sikrar kommunen at tildeling av tenester er basert på og tilpassa brukarane sine egne behov og ressursar, samstundes som at tenestetildelingar understøtter BEON-prinsippet?
- e. Korleis sikrar kommunen at brukarar får det tenestetilbudet dei har krav på?
 - i. Korleis vert brukarane følgt opp?
 - ii. I kva grad er det fokus på samhandling og koordinerte tenester i kommunen?

- iii. Har kommunen system for brukar og pårørende involvering?
- iv. Korleis handterer kommunen klagar frå brukarane?

3) Område 3: Kordan fungerer kommunen sitt system for mottak av utskrivningsklare pasientar frå sjukehus?

- a. I kva grad er det klarheit i roller og ansvar knytt til å ivareta samarbeidsavtaler med Helse Vest om utskrivningsklare pasientar?
- b. I kva grad er det klarheit i roller og ansvar knytta til at dokumentasjon/epikrise vert formidla til rett instans i kommunen?
- c. Ved pasientmottak til kommunen, frå spesialisthelsetjenesa, i kva grad vert krava til dokumentasjon tatt i vare?
- d. I kva grad registrerast avvik ved pasientmottak til kommunen, frå spesialisthelsetenesta?
 - i. Har kommunen eit avvikssystem?
 - ii. Kven skal registrere avvik?
 - iii. Korleis skal avvik følgjast opp?
 - iv. Blir rutinene for avvikshandtering etterlevd?
- e. I kva grad vert det kommunale øyeblikkeleg hjelp døgntilbud (KØHD) nytta?
 - i. Kva beleggsprosent er det ved KØHD?
 - ii. Kva erfaringar har kommunen med bruk av KØHD?

Eventuelle forbettringsområde vil bli identifisert og det vil bli utarbeida forslag til forbetringstiltak.

Revisjonen vil i hovudsak kartlegge prosedyrer og rutiner, og teste etterlevelse i ei avgrensa utval enkeltsaker (3-4 stykker). Dei generelle svara til problemstillingane vil bygge på rutineverket, og det vil ikkje bli gått inn i et breidt utval enkeltsaker for å svare ut problemstillingane generelt kva gjelder etterlevelse.

2.3 Revisjonskriterium

Til problemstillinga vert det stilt opp revisjonskriterium. Revisjonskriterium er dei krav og normer som tilstand og/eller praksis kommunen vert målt mot. Revisjonskriteria må være aktuelle, relevante og gyldige for kommunen.

Ved val av revisjonskriterium blir det tatt utgangspunkt i oppstilte problemstillingar.

- ✓ Kommunelovens § 23 om administrasjonssjefens internkontroll, samt god praksis for internkontroll der vi byggjer på KS sin vegleiar, "Rådmannens internkontroll, 2013"
- ✓ Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester med offentlige rettleidere
- ✓ Lov om pasient- og brukerrettigheter
- ✓ Forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstjenestene for tjenesteyting
- ✓ Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten
- ✓ St.meld. nr. 47 (2008-2009): Samhandlingsreformen – rett behandling – på rett sted – til rett tid
- ✓ St.meld. nr. 29 (2012-2013): Morgendagens omsorg
- ✓ BEON-prinsippet (beste effektive omsorgs nivå)
- ✓ Kommunale planer, rutinar, vedtak og føringar for pleie- og omsorgstjenestene
- ✓ Samarbeidsavtaler med Helse Vest

3. Tilnærming

3.1 Metode

For å svare på problemstillingane vil vi samle inn data ved bruk av følgjande teknikkar:

- ✓ Dokumentinnsamling og analyse
- ✓ Intervju

Vi vil samle inn relevant dokumentasjon frå kommunen. For område 1 vil vi hente inn dokumentasjon som kan gi informasjon om kommunen sine planar, bruk og erfaringar med velferdsteknologi i pleie og omsorgstenestene. I område 2 vil vi hente inn dokumentasjon om tenestetilbodet og tildelinga av pleie- og omsorgstenester i kommunen. Her vil vi blant anna sjå på vedtak om tildeling av sjukeheimsplassar, brukaroppfølging og koordinering av tenestetilbudet. Det vil for område 3 samlast inn dokumentasjon omkring ansvar, mynde og rutinar knytt til formidling av pasientdokumentasjon/epikrise og samarbeidsavtalar med Helse Vest. Her vil vi også studere kommunen si avvikshandtering.

For problemstilling 2 og 3 vil vi og plukke ut einskildsaker for å ettersjå om avtalar, prosedyrar og eventuelle rutinar er tatt ivare i einskildtilfella. Vi vil anonymisera opplysningar i dei einskilde sakane.

Det vil i tillegg bli gjennomført intervju med eit utval av tilsette innafor pleie og omsorgstenestene i kommunen. Her vil vi intervjuje både leiarar og tilsette. Aktuelle intervjuobjekt er omsorgssjef, leiar for tildelingskontoret, sjukepleiarar, ansatte som arbeidar med brukarmedverknad og ansatte som jobbar med velferdsteknologi i pleie- og omsorgstenestene. Moglegvis vil også andre personar som har tilknytning til området intervjuast. Her vil det vere aktuelt å intervjuje ein lege og ein representant for Helse Vest i høve kommunen sitt mottak av utskrivingsklare pasientar frå sjukehus. Val av personar for intervju vil bli avtala nærare med kommunen. Formålet med intervjuet er å få utfyllande informasjon og forklaringar til oversendt dokumentasjon. Ved gjennomføring av intervju utarbeidar vi intervjuguidar. Frå kvart intervju skriv vi referat som blir sendt til respondentane til verifisering (gjennomlesing og eventuell korrigerings). Data frå respondentane vil bli samanstillt med analysert dokumentasjon og dette vil saman bli analysert opp imot revisjonskriteria. Dette vil nyttast for å gi svar på problemstillingane i forvaltningsrevisjonen.

3.2 Aktivitets- og framdriftsplan

Vi vil bruke 250 timer på oppdraget, fordelt på hovedaktivitetene planlegging, gjennomføring og rapportering.

Figuren under viser forslag til aktivitets- og framdriftsplan:

			Oktober		November				Desember				Januar					Februar				Mars					
Faser + aktiviteter	Ansvar	Timer	43	44	45	46	47	48	49	50	51	52	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15
1 Forberede																											
1.1 Forundersøkelse	KPMG																										
1.2 Etablere prosjektplan	KPMG																										
1.3 Godkjenning prosjektplan KU	KPMG																										
2 Starte opp																											
2.1 Sende oppstartsbrev	KPMG																										
2.2 Oppstartsmøte	KPMG																										
2.3 Dokumentliste	KPMG																										
2.4 Intervjuplan	KPMG																										
3 Gjennomføre																											
3.1 Dokumentanalyse	KPMG																										
3.2 Intervjuguide	KPMG																										
3.3 Intervjuer	KPMG																										
3.4 Analyse	KPMG																										
3.5 Kvalitetssikring	KPMG																										
3.6 Rapportutkast	KPMG																										
4 Rapport																											
4.1 Ferdigstille rapportutkast	KPMG																										
4.2 Høring rapportutkast (1-2 u.)	KPMG																										
4.3 Oversending av rapport	KPMG																										
4.4 Presentasjon KU	KPMG																										
		250																									

Aktivitets- og framdriftsplanen viser at arbeidet med forvaltningsrevisjonen kan starte opp i starten av November, etter at prosjektplanen er vedtatt i kontrollutvalet. I desember-februar vil vi samle inn og analysere data. Rapportskriving vil skje i februar-mars. Rapporten kan oversendast kommunen for høring fredag 08. Mars. Levering av endeleg rapport til kontrollutvalet sitt sekretariat, og presentasjon av rapporten til kontrollutvalet, vil vere klar i slutten av mars. Levering av rapporten kan tilpassast noko avhengig av møteaktiviteten til kontrollutvalet i 2019.

Vårt forslag til gjennomføringsplan føreset at kommunen sender etterspurt dokumentasjon til oss innan rimeleg tid, samt at vi får tilgang til personar, dokumentasjon og data.

4. Utførande revisorar

4.1 Prosjektteam

KPMG sitt team i forvaltningsrevisjonen består av:

Oppdragsansvarleg: Director Ole Willy Fundingsrud

Prosjektleder: Associate Håkon Lindberg

Prosjektmedarbeidarar: Associate Magnus Heggen og Associate Magnus Hjellum

5. Honorar

I henhold til avtale.



Kontakt oss

Ole Willy Fundingsrud

Direktør

T +47 40 63 96 92

E ole.willy.fundingsrud@kpmg.no

Håkon Lindberg

Associate

T +47 47 28 25 16

E Hakon.Lindberg@kpmg.no

kpmg.no



SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	06.11.18	26/18

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

Kan bli behandla i lukka møte – OFL § 24/KL §31 nr 5

ORIENTERING FRÅ REVISOR OM REVISJON AV REKNESKAPEN FOR 2018 – REVISJONSPLAN OG - STRATEGI

Vedlegg: Revisjonsplan Tysvær kommune 2017 – (blir delt ut i møtet) U.Off. § 14

Bakgrunn

Ifølge kommuneloven § 77, 4. ledd skal kontrollutvalet ”*påse at kommunens regnskaper blir revidert på betryggende måte*”. Tilsynet blir gjennomført bl.a. ved at revisjonen rapporterer til kontrollutvalet på dei ulike trinna i revisjonsprosessen. Rapporteringa skal dekkje både planlegging, gjennomføring og oppsummering av arbeidet.

I følge forskrift om revisjon § 4 og god kommunal revisjonsskikk skal revisor årleg utarbeide ein plan for revisjon av rekneskapet. Dette er eit internt dokument som styrer det arbeidet revisor må utføre for å kunne godkjenne rekneskapet.

KPMG AS har utarbeida ein slik plan for Tysvær kommune, men denne vil ikkje følge saka. KPMG sin plan for Tysvær kommune vil bli delt ut i møtet. Det er frå KPMG ønskje om at den vert unntatt offentlegheit, da dei anser planen å vere eit internt arbeidsdokument (off.l § 14).

Revisor vil, i tillegg, gje ein munnleg orientering til utvalet om hovudinnhaldet i arbeidet. Opplysningar som kjem fram i møtet kan bli vurdert som ikkje offentlege og møtet kan difor bli lukka, jfr. i medhald av Offentleglova § 24 og kommuneloven § 31 nr 5, men dette skal også vurderast opp mot omsyn til meir-offentlegheit, før eventuelt lukking.


Rekneskapet vert ikkje avslutta før etter at rekneskapen for 2018 er avlagt våren 2019. Hovudarbeidet i det enkelte rekneskapsåret starter difor ikkje før om hausten og på nyåret.

Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar § 15 pålegg også oppdragsansvarleg revisor årleg, og elles ved behov, å gje ein skriftleg vurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalet. Eigenerklæringa for 2018 blei lagt fram i for utvalet i sist møte, som sak 13/18.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval tar revisjonsplan 2018 for rekneskapsrevisjonen og presentasjon frå oppdragsansvarleg revisor til orientering.

Aksdal, 30.10.18



Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	06.11.18	27/18
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

MØTEPLAN FOR 2019 - KONTROLLUTVALET

Vedlegg: Oversiktskalender for 2019

Bakgrunn:

Med utgangspunkt i tidlegare møtefrekvens (4 møte pr. år), har sekretariatet sett opp framlegg til møteplan for kontrollutvalet for 2019. Dag og tidspunkt for møta er vidareført: tysdagar kl. 18.00.

Neste år skal det vere kommunestyreval og dato for valdagen er sett til måndag 9. september. Konstituering av nytt kommunestyre og val av styre, råd og utval skal, i følgje kommunelova, skje innan utgangen av oktober månad. Noverande utval vil fungere fram til nytt utval er valt og sekretariatet legg opp til at dette utvalet har sitt siste møte i media september, i veka etter valet.

Møtene er opne for publikum og presse, og datoane gjerast kjent på sine nettsidene. Det er viktig at møteplanen vert halden, når den er vedteken og at datoene vert tidleg kjent.

Saksorientering:

Første møte i kontrollutvalet på nyåret vil mellom anna årsmeldinga vere på sakslista. Aktuelle datoer er her 05.02 eller 19.02. I neste møte vil kontrollutvalet handsama kommunen sin årsrekneskap. Etter forskriftene kan ikkje formannskapet gjere vedtak før årsrekneskapen har vore handsama i kontrollutvalet, dvs. at innstillinga/uttalen skal følgje med saka. Møtedato for dette møtet blir foreslått til 21. mai, slik at utalen kan sendast ut med sakspapirene til formannskapet sitt møte 4. juni og kommunestyret 18. juni.

I år har leiar for politisk sekretariat vore tidleg ute med framlegg til møteplan for 2019 og møteplanen er no vedteken. Kommunestyremøta vil bli haldne på tysdager: 12.02, 09.04, 14.05, 18.06, 01.10, 22.10, 24.10 (konst.), 19.11 og 10.12.18. Møta til kontrollutvalet må ikkje kollidere med desse, då minst eit medlem i kontrollutvalet også er kommunestyremedlem, og administrasjonen vil heller ikkje kunne møte for å orientere om ein vel same dag. Vinterferie og haustferie er planlagt lagt til veke 9 og veke 41, og det har til no vore tradisjon for ikkje å leggje møte i desse vekene.

Dersom det blir endringar i møteplan, vil det i så fall bli gjeve melding om dette så snart dette er kjent. Vidare er det også mogeleg å ha ekstramøte, dersom det skulle bli naudsynt.


SEKRETARIATET S ITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2019:

tysdag **05.02** eller **19.02, 21.05, 17.09 og 03.12** kl. 18.00.

Utvalssekretær kan, i samråd med leiar, endre møtedato når det er naudsynt.

Aksdal, 30.10.18



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

☐ = KST
○ = KU

VEDLEGG
SAK 27/18

Oversiktskalender 2019 - TYSVIER KU

Januar 2019

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
1		1	2	3	4	5	6
2	7	8	9	10	11	12	13
3	14	15	16	17	18	19	20
4	21	22	23	24	25	26	27
5	28	29	30	31			

6 ● 14 ○ 21 ○ 27 ○

Februar 2019

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
5					1	2	3
6	4	5	6	7	8	9	10
7	11	12	13	14	15	16	17
8	18	19	20	21	22	23	24
9	25	26	27	28			

4 ● 12 ○ 19 ○ 26 ○

Mars 2019

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
9					1	2	3
10	4	5	6	7	8	9	10
11	11	12	13	14	15	16	17
12	18	19	20	21	22	23	24
13	25	26	27	28	29	30	31

6 ● 14 ○ 21 ○ 28 ○

05.02
eller
19.02

April 2019

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
14	1	2	3	4	5	6	7
15	8	9	10	11	12	13	14
16	15	16	17	18	19	20	21
17	22	23	24	25	26	27	28
18	29	30					

5 ● 12 ○ 19 ○ 27 ○

Mai 2019

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
18			1	2	3	4	5
19	6	7	8	9	10	11	12
20	13	14	15	16	17	18	19
21	20	21	22	23	24	25	26
22	27	28	29	30	31		

5 ● 12 ○ 18 ○ 26 ○

Juni 2019

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
22						1	2
23	3	4	5	6	7	8	9
24	10	11	12	13	14	15	16
25	17	18	19	20	21	22	23
26	24	25	26	27	28	29	30

3 ● 10 ○ 17 ○ 25 ○

21.05

Juli 2019

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
27	1	2	3	4	5	6	7
28	8	9	10	11	12	13	14
29	15	16	17	18	19	20	21
30	22	23	24	25	26	27	28
31	29	30	31				

2 ● 9 ○ 16 ○ 25 ○

August 2019

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
31				1	2	3	4
32	5	6	7	8	9	10	11
33	12	13	14	15	16	17	18
34	19	20	21	22	23	24	25
35	26	27	28	29	30	31	

1 ● 7 ○ 15 ○ 23 ○ 30 ●

September 2019

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
35							1
36	2	3	4	5	6	7	8
37	9	10	11	12	13	14	15
38	16	17	18	19	20	21	22
39	23	24	25	26	27	28	29
40	30						

6 ● 14 ○ 22 ○ 28 ●

17.09

Oktober 2019

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
40		1	2	3	4	5	6
41	7	8	9	10	11	12	13
42	14	15	16	17	18	19	20
43	21	22	23	24	25	26	27
44	28	29	30	31			

5 ● 13 ○ 21 ○ 28 ●

November 2019

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
44					1	2	3
45	4	5	6	7	8	9	10
46	11	12	13	14	15	16	17
47	18	19	20	21	22	23	24
48	25	26	27	28	29	30	

4 ● 12 ○ 19 ○ 26 ●

Desember 2019

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
48							1
49	2	3	4	5	6	7	8
50	9	10	11	12	13	14	15
51	16	17	18	19	20	21	22
52	23	24	25	26	27	28	29
1	30	31					

4 ● 12 ○ 19 ○ 26 ●

NYTT
UTV.
03.12

- 1. jan Nyttårsdag
- 21. jan Prinsesse Ingrid Alexandra, 15 år
- 6. feb Samefolkets dag
- 10. feb Morsdag
- 14. feb St. Valentines dag
- 21. feb Kong Harald, 82 år
- 3. mar Fastelavn
- 20. mar Vårjevndøgn
- 21. mar Offisielt vårjevndøgn
- 31. mar Sommertid start
- 14. apr Palmesøndag
- 18. apr Skjærtorsdag
- 19. apr Langfredag

- 21. apr 1. påskedag
- 22. apr 2. påskedag
- 1. mai Off. høgtidsdag
- 8. mai Frigjøringsdag 1945
- 17. mai Grunnlovsdag 1814
- 30. mai Kr. Himmelfartsdag
- 7. jun Unionsoppløsning 1905
- 9. jun 1. pinsedag
- 10. jun 2. pinsedag
- 21. jun Sommersolverv
- 23. jun Jonsokaften
- 4. jul Dronning Sonja, 82 år
- 20. jul Kronprins Haakon, 46 år
- 29. jul Olsokdagen

- 19. aug Kronprinsesse Mette-Marit, 46 år
- 23. sep Høstjevndøgn
- 27. okt Sommertid slutt
- 31. okt Halloween
- 3. nov Allehelgensdag
- 10. nov Farsdag
- 1. des 1. søndag i advent
- 13. des Luciadagen
- 22. des Vintersolverv
- 25. des 1. juledag
- 26. des 2. juledag

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	06.11.18	28/18
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 06.11.18**Vedlegg:**

- 34. Statusrapport pr. oktober 2018
- 35. Kommunestyrevedtak 25.09.18, sak 54/18 – Forvaltn.rev.rapport «Investeringar»
- 36. Kommunestyrevedtak 25.09.18, sak 56/18 – Fritak frå verv og nyval til kontrollutvalet
- 37. Hgsds Avis sin leder 05.09.18 om selskapskontroll av Karmsund Havn IKS
- 38. Kommunaldepartementet 26.06.18 – svar på henvending om møteoffentligheit
- 39. Kommunal rapport – professor Bernt svarar – retten til å stille spørsmål til ordførar
- 40. Kommunaldepartementet 15.10.18 – avlysning av møter i folkevalgte organ
- 41. Haugaland Kraft AS – innkalling til ekstraordinær generalforsamling 26.11.18
- 42. Varsel om tilsyn - samfunnstryggleik og beredskap i Tysvær kommune 04. og 11.12.18
- 43. Høstkonferansen 2018 – Forum for kontrollutvalg i Rogaland – 22.11.18 - påmelding


